



## Byglandsnytt nr.24 – august 2021

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

**Neste utgåve: 1. september** - Send tips om arrangement til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) innan 30.08. - Bygland kommune si heimeside: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

→ Grunna redaksjonsferie kjem august-utgåva tidligare enn vanleg. **GOD SOMMAR!**

### Opningstider Bygland kommunehus

**Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

**NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00

**Rettleiingssenter i Bygland:** uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00 (stengt 5/8)

**Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117**

**Bygland legekantor**

**Byglandsfjord legekantor**

**Sentrum 18, 4745 Bygland**

**Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord**

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Legekontoret har vanlege opningstider. Men måndagar har legekantoret på Evje legeberedskapen for Bygland frå 21.6 til 18.7 og på onsdagar frå 19.7 til 15.8. på grunn av ferieavvikling. Då må pasientane møte på Evje legekantor om dei treng legetime akutt.

**Evje tannklinikk** er stengt i vekene 29 og 30 pga. ferie

Ved akutte henvendingar:

måndag - fredag: Maxis tannklinikk (Arendal), telefon 37 00 44 00

laurdag - søndag: Tannlegevakt (Kristiansand), telefon 970 07 82

## Folkebiblioteket i Bygland

### Opningstider sommar 2021

Sommarferie på biblioteket vert veke 27 til og med veke 31. Første dag etter ferien blir måndag 9.august.

### Politiske møte, sakspapir og protokollar:

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- **Formannskapet:** 25.08. kl. 13.00
- **Levekårsutval:** 30.08. kl. 17.00

### Nytt om namn i kommunen:

Nils Børge Kile, som er tilsett som fisk – og vassdragsrådsgjevar, tek til i stillinga 23.08.2021

### Ledige stillingar

#### Ledig 70% fast stilling som sjukepleiar

Det er ledig ei 70% stilling som sjukepleiar ved Pleie og omsorg, avdeling Byglandsheimen.

Søknadsfrist: **08.08.21**

#### Ledig 80% årsvikariat - sjukepleiar

Det er ledig eit 80% årsvikariat ved Pleie og omsorg. Søknadsfrist: **08.08.21**



For lenke til stillingsannonsene sjå <https://www.bygland.kommune.no/>

### Kunngjeringar

#### Utlegging av manntal, Stortings- og sametingsvalet 2021

Står du i manntalet? Dersom du ikkje står i manntalet, kan du ikkje røyste ved valet 13. september 2021

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn frå 14. juli og fram til valdagen, måndag 13. september, på desse stadene:

- Coop Ose
- Joker Bygland
- Coop Byglandsfjord



Har du nyleg flytta til kommunen og folkeregisteret har tatt imot flyttemelding frå deg innan 30. juni 2021, skal du stå i manntallet i tilflyttingskommunen. Blei flyttemeldinga mottatt etter denne dato, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå. Du kan då velje om du vil røyste der på valdagen eller røyste på førehand.

Dersom du meiner at du sjølv, eller nokon annan, med urett er innført eller utelate frå manntalet, kan du krevje at valstyret retter opp feilen. Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve.

## **Anbodskonkurranse på snøbrøyting og strøing vinteren 2021/2022 - 2024/2025**

Bygland kommune inviterer med dette til anbodskonkurranse på snøbrøyting og strøing for Byglandsfjord, Grendi og Longerak for sesongane 2021/2022 t.o.m. 2024/2025



### **Tidsfrist**

Tidsfrist er sett til **31.08.2021 kl. 12:00**.

Det blir vist til ref.nr. 166956 på [www.doffin.no](http://www.doffin.no) for ytterlegare informasjon og leveransevilkår.

### **Kontaktpersonar**

Tenesteleiar Drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg, tlf. 918 63 406

Etter 08.08.2021: Driftsleiar Fredrik Langfeldt, tlf 912 32 945

## **Varsel om oppstart av oppheving av eldre reguleringsplanar**

Bygland kommunestyre har vedteke oppstart av arbeid med å oppheve eldre reguleringsplanar (disposisjonsplanar)



I medhald til plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 fyrste ledd har kommunestyret i Bygland kommune på møte 25.03.21, sak 14/21 vedteke oppstart av arbeid med å oppheve eldre reguleringsplanar (disposisjonsplanar).

Oppheving og endring av reguleringsplanar skal skje etter dei same føresegna som ved utarbeiding av ny reguleringsplan, jf. Pbl. § 12-14 fyrste ledd. Kva planar det gjeld, sjå Bygland kommune planarkiv

Eventuelle merknader og/eller innspel til planarbeidet må du merke med «oppheving av eldre reguleringsplanar» og sende pr. e-post: [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller som brev til Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland.

Fristen for å kome med merknad/innspel er **13. august** d.å

Lenger nede på denne sida kan du sjå dokumenta "Melding om vedtak" og "Oppstart av arbeid med å oppheve eldre reguleringsplanar"

For eldre reguleringsplanar sjå kommunen si heimeside, "Kunngjeringar"

## KORONA

- **Oversyn over nasjonale tiltak:** [regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen](https://regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen)
- **Informasjon om vaksiner** av innbyggjarane blir oppdatert på Bygland kommune si heimesida kvar veke.
- **Eigenerklæringsskjema til vaksinasjon** finn du på kommune si heimesida. Det er fint om du tar med ferdig utfylt skjema når du kjem til vaksiner. Du kan og få skjemaet når du kjem.
- Det nye digitale **koronasertifikatet (koronapass)** viser om du er vaksinert, om du er immun etter å ha hatt covid-19-sykdom og resultatet viss du har negativ koronatest. Les meir: [helsenorge.no/koronasertifikat/om/](https://helsenorge.no/koronasertifikat/om/)



### Massevaksiner i veke 30

Bygland kommune vil få 162 doser Pfizer vaksine i veke 30. Massevaksiner vil skje i Byglandshallen torsdag 29. juli



Bygland kommune fekk på ettermiddagen 21.07. melding om at vi nå får 162 doser Pfizer vaksine i veke 30. Dette er 100 doser fleire enn meldt tidligare. Vi skal vaksinere i **Byglandshallen** torsdag 29.juli. I løpet av eit par dagar vil vi sende ut melding til dei som har takka ja til vaksine og endring av stad for vaksiner til dei som har fått innkalling.

Dei i aldersgruppa 25-39 år har førebels ikkje fått førespurnad om dei ynskjer vaksine så denne gruppa får innkalling inn til time i veke 30 eller veke 31.

Vi ber om at alle fyller ut eigenerklæringsskjema for vaksineringsom du finn på heimesida på førehand, har du ikkje skrivar kan dette hentast på kommunehuset. Vi legg skjemaet og ut på Coop Byglandsfjord, Joker Bygland og Coop Ose.

Vi ber om at alle svarar i lenka som kjem med SMS meldinga, det lettar arbeidet mykje for dei som nå skal organisere vaksineringsmidt i ferietida.

Om du ikkje ønskjer/får til å trykke på lenka, kan du ringe sentralbordet på tlf. 37 93 47 00 måndag til fredag mellom kl. 10:00 og 14:00.

Har du ikkje fått innkalling i løpet av helga så gi beskjed til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) så tek vi kontakt.

## Status på vaksinasjon (Covid -19) i Bygland kommune - Oppdatering pr. 23.07.21



Talet på vaksinererte i Bygland er som følgjer: (Tal henta frå Folkehelseinstituttet sin statistikkbank)

- Dose 1: 583
- Dose 2: 363

I veke 30 byrjar vi å vaksinera gruppe 10, 40-44 og 18-24 år.

Vi minner om at vi bruker Varsling24 til å sende ut SMS til dei som står for tur til vaksinerings. Les meir dette nede.

### Tid og stad

Du vil få melding om oppmøtetid og -stad når du får innkalling. Det er svært viktig at ein prioriterer denne avtalen, og heller endrar på eventuelle andre avtalar. MEN, dersom ein har symptom på luftvegsinfeksjonar (som feber, hoste eller forkjøling), må ein gi melding om at ein ikkje kan møte. Då kan denne dosen gå til den neste på lista, og du vil igjen få høve til å ta vaksinen veke etter.

Ring Bygland kommune på tlf. 37 93 47 00 dersom du ikkje kan bli vaksinert.

### **Viktig**

Ein må møte opp på tidspunktet ein har fått - ikkje før eller etter. Dette er for å hindre at mange menneske blir samla på ei gong.

### **Vaksinasjonsstad**

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng. Du vil få melding om kvar du skal møte, og kva tidspunkt du skal møte.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur. Hovudregelen er:

- Vaksinerer skjer i ei leilegheit på nordsida av Byglandsheimen
- Massevaksinerer vil skje i Byglandshallen

### **Har du fått SMS frå Bygland kommune vedk. vaksinerer?**

Har du fått SMS via Varsling24 frå oss? Då er det viktig at du gjer det som står i SMS'en!

Nederst i SMS'en er det ei lenke. Du må trykke på den. Du får no følgjande val: «Ja», «Nei» og «Har fått vaksinen». Du får altså moglegheit til å takke ja eller nei til vaksinen. Om du allereie er fullvaksinert, t.d. at du har fått vaksine gjennom jobben din, kan du trykke på «Har fått vaksinen»

Det er, som sagt, svært viktig at du trykker på lenka for å svare! Om du ikkje får dette til, kan du ringe til sentralbordet på tlf. 37 93 47 00, så kan vi vidareformidle svaret ditt.

Det er viktig at du møter opp på tida.

### **Koronasertifikat for ikkje-digitale brukarar**

Koronasertifikatet er digitalt. Innbyggjarane får tilgang til det på Helsenorge.no. For dei som ikkje kan bruke det digitale sertifikatet har FHI



utvikla ein web-applikasjon som gjer det mogleg for sakshandsamarane ved Helfo å bistå ikkje-digitale brukarar som tar kontakt via telefon til informasjonstelefonen for korona.

Følgjande informasjon kan brukast i møte med ikkje-digitale brukarar. Vi understreker budskapen om at dei som kan bruke digitalt koronasertifikat, bør gjere det.

Du som ikkje kan bruke smarttelefon, PC eller nettbrett kan få tilsendt koronasertifikat i posten. Tenesta kan brukast om du er vaksinert eller immun etter gjennomgått covid-19.

Sertifikatet har to delar:

- Koronasertifikat for innanlands bruk
- Koronasertifikat for å passere grenser i EU- og EØS-området

### Treng alle koronasertifikat?

Du treng ikkje koronasertifikat med mindre du skal ut og reise til land som krev koronasertifikat for innreise, for å unngå karantene når du reiser inn i Noreg, om du ønskjer å delta på større arrangement eller kystcruise med krav om koronasertifikat.

Ved å logge inn på <http://www.helsenorge.no> får du tiltang til ditt digitale koronasertifikat. Personar som ikkje kan bruke den digitale løysinga, kan bruke fullmaktsløysinga på Helsenorge for å få hjelp til å skrive ut eit, til ein kvar tid, gyldig koronasertifikat.

Ein kan og ta kontakt med Helfo for bistand til å få ei utskrift sendt heim til di folkeregistrerte adresse. Sjå meir informasjon under.

Vi tilrår at alle som kan, bruker den digitale løysinga.

Det digitale koronasertifikatet på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no) blir oppdatert automatisk, og er gyldig i 90 dagar (til ei kvar tid). Du kan laste ned ditt digitale koronasertifikat til din mobiltelefon eller nettbrett. Det er ikkje naudsynt med utskrift av sertifikatet om du har dette digitalt. Om du likevel ønskjer ei utskrift, ber vi om at du ordnar dette sjølv.

### Framgangsmåte for bistand til ikkje-digitale innbyggjarar

1. Ha klart fødselsnummer eller d-nummer.
2. Ring informasjonstelefonen for korona:
  - Opningstid kl. 08:00 - 15:00, mandag til fredag
  - Frå Noreg: 815 55 015
  - Frå utlandet: +47 21 89 80 42

Sakshandsamar vil be deg om ditt fødsels- eller d-nummer, og be deg opplyse om namnet ditt og di folkeregistrerte adresse. Om namnet og adressa du opplyser om ikkje stemmer med det som visast som folkeregistrert adress i vårt system, kan du diverre ikkje få tilsendt koronasertifikatet. Du må då kontakte folkeregisteret for å avklare kva som er registrert på deg. Om du har gyldig koronasertifikat, vil du få dette tilsendt pr. post.

Du må sjølv vere merksam på gyldigheitsdatoen som er 90 dagar frå utskriftsdatoen.

## Helse:

### Informasjon om syns- og hørselskontakt

#### Hørselskontakt

#### Kontaktinformasjon:

Namn: Cecilie Myhre, telefon: 90 36 83 70

(telefontid kvar onsdag mellom 08:15 og 09:00, samt måndagar når ho er i Bygland. Ho svarer mellom konsultasjonar og anna)

E-post: [cecilie.myhre@e-h.kommune.no](mailto:cecilie.myhre@e-h.kommune.no)

**Måndag 30. august** frå kl. 09:15 - 14:00 er Cecilie Myhre på UV-rommet på Byglandsheimen igjen.

Timebestilling i regi av sjukehuset på onsdagar gjeld framleis.

Drop-in på onsdagar på Evje gjeld, men er per no timebestilt via Hørselsentralen pga korona.

**Hørselsentralen** telefon: 37 01 45 40 (mellom kl. 09:30 og 11:30)

#### Synskontakt

Det er kommunen sin ergoterapeut som fungerer som synskontakt.





## Kontaktinformasjon:

Namn: Andreas Hammervold Isaksen, telefon: 922 01 872

E-post: andreas.hammervold.isaksen@bygland.kommune.no

## Økonomi, Næring og Miljø

### Høve til å velge eFaktura eller andre elektroniske løysingar

Bygland kommune har nå lagt til rette for at du, som kunde, kan velge fleire typar elektroniske løysingar for mottak av faktura.



Kommunen tar i bruk Multikanal frå TietoEVERY, som forenkler og digitaliserer utsending av faktura

### Velg kor du vil ha fakturaen

Multikanal Evry sørger for at fakturaen blir sendt ut slik du, som kunde, har valt å motta fakturaen knytt til digitale løysingar. Kommunen har ikkje høve til å endre dei digitale valg du har gjort.

- **Faktura i Vipps**

Dersom du ikkje ønskjer faktura i Vipps (vipps.no) styrer du dette via Min profil inne på Vipps si side. Der kan du slå av og på rekningar.

- **Faktura i Digipost**

Får du fakturaene i Digipost (digipost.no) bør gå inn på innstillingar på Digipost si side og krysse av for at du ønskjer varsel via SMS eller e-post om at du har fått ein ny faktura.

- **eFaktura**

Dersom du ikkje ønskjer fakturaene i Digipost, kan det vere eit alternativ å opprette eFaktura. Ved oppretting av eFaktura-avtale med Bygland kommune i nettbanken er personnummeret ditt eFakturareferanse.

- **Faktura i posten**

Dei som ikkje har valt nokon av dei digitale løysingane vil fortsatt få fakturaene i posten.

- **Faktura for bedrifter**

Bedrifter og organisasjonar, som kan ta imot faktura på elektronisk handelsformat (EHF) og som er registrert i ELMA, vil motta faktura i dette formatet som tidligare. Her er det ingen endringar.

## Drift og Forvaltning

### Sommarjobb i Bygland kommune

I perioden 21/6 – 16/7 var det 18 skuleungdomar engasjert ved eininga Drift og forvaltning. Dei utførte arbeid på bygg, grøntanlegg, reinhald og avfalls- og krypsivrydding.

Opggåvene dei hadde blei løyste veldig greitt. Vi vonar det blir budsjettmiddel til neste år også til å kunne engasjere skuleungdom i sommarjobbar.



*Bilete frå avfalls- og krypsivrydding ved Åraksfjorden. Fotograf og teamleiar: Olav Øygarden*

### Rehabilitering av høgdebasseng på Byglandsfjord

No er arbeidet med å rehabilitering høgdebassenget på Byglandsfjord så godt som ferdig.

Den midlertidige pumpeløysinga som har fungert siste månaden er avslutta, og vatnet i springane kjem igjen frå høgdebassenget.

Arbeidet har gått etter planen, og det er eit løft for kommunen å kunne vere sikker på at bassenget er tett og fast, og at ein vil kunne levere trygt drikkevatt til innbygarane i minst 25 år til.



## Oppdatering om Bleka frå Akvariet i Bergen



Akvariet i Bergen har sendt oss ei oppdatering på korleis det går med Bleka etter den lange reisa til Bergen:

Måndag 5. Juli blei blekene sette over i utstillingsakvariet. Det ser ut til å gå bra - dei et krill og trivst. Utstillingsakvariet inneheld 20 000 liter vatn.

Akvariet har forsøkt å gjenskape ein av dei mange gyteplassane ved Vassenden som er restaurert ved tilførsel av gytegrus. Dei har lagt til grunn ei kornfordeling som dei har funne på bleka sin naturlege gyteplass i fjorden for å vere sikker på at den grusen dei har lagt ut skal tilfredstille hobleka sitt krav til gytegrus.

Det eine biletet under viser ein restaurert gyteplass ved Vassenden der dei har funne gyting av bleke i utlagt grus i ei årrekke, og på det andre biletet ser ein kopien dei har laga i Akvariet.

Her er lenke til Akvariet i Bergen: <https://www.akvariet.no/>



*Restaurert gyteplass ved Vassenden*

Bilete: Akvariet i Bergen



*Ein kopie av gyteplass dei har laga i Akvariet*

## Får du Blekefangst?

Gjennom åra har mange bleker blitt radiomerka. Dersom du fiskar og fangar Bleke der ein oppdagar ein liten svart gjenstand på fisken (kan ikkje ta feil), så vil vi vere svart takksame dersom denne kan bli



*Foto: Blekeprosjektet*

levert på Bygland kommunehus med opplysningar om lengde på fisken, kvar fisken er fanga og namnet på finnaren. Informasjonen i desse sendarane kan gi viktig informasjon om bleka sine vandringar.

Målsetjinga med forkinga er å etterkvart få ein berekraftig sjølvproduserande bestand av fisken. Godt arbeid gjennom mange, mange år har gitt resultat, og her er godt håp om at vassdraget vårt framleis vil vere levestaden for bleka.

## Oppvekst

### **Barnehagene i Bygland og Byglandsfjord**

Første dag etter ferien vert måndag 2.august.

### **Oppvekstsentra i Bygland**

Første skuledag etter sommarferiene vert torsdag 19. august



## Kyrkjene i Bygland

### Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

### Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjuverje: Olav Nilsen: 982 99 711  
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



### Gudstenester

- torsdag 29.07. kl. 18.00, Olsok i Sandnes kapell
- søndag 15.08. kl. 11.00, Bygland kyrkje
- søndag 22.08. kl. 18.00, Årdal kyrkje, Grendi



## Bygland Frivilligsentral

### KONTAKT: *Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,*

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:  
post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette oppstart av dei fleste aktivitetane sine.

Informasjon om oppstartsdato og smittevernsyn i følgje smittevernplan vil kome etterkvart på [www.bygland.frivilligsentral.no/](http://www.bygland.frivilligsentral.no/) og på Facebook

Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**
- **Transport til og fra vaksinasjon**



### Dragefestival - 12. august kl. 11:00 - 16:00,

#### Bygland Frivilligsentral


Me arrangerer Dragefestival i sommar med tilskot frå Barne, ungdom og familiedirektoratet. Da kan vi tilby ein heil dag der alle kan få lage sin eigen drage!

Alt materiell er gratis, det einaste du treng å gjere er å kome!

Kvart barn får lage sin eigen drage, og etterpå prøver vi den saman!

Pssst: er du under 10 år må du ha med deg ein vaksen som kan hjelpe deg med å lage dragen.

Meld deg på: [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)



## Kino på Bygland kulturscene

Inga framvisning i august

## Tømekalender for Bygland kommune – august 2021

*Papir og plast:* veke 32: tysdag 10.08.

*Matavfall og glass/metall:* veke 32: torsdag 12.08.

*Matavfall og restavfall:* veke 34: torsdag 26.08.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.08.)  
og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (28.08.)

Šyrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (14.08.)

*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS*

e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

### Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 24:

*Bilete: Framside: Bjoren ved brygga i Bygland av Frank Egil Reise.  
Innhald (med mindre anna er spesifisert): Susanne Hegenscheidt,  
pixabay.com, Anne Fauske. Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva skjer:  
F. E. Reise. Tusen takk til alle fotografane!*

*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg  
Byglandsnytt september kjem: 01.09.2021, frist for innspel 30.08.*



*Redaktør ved  
Byglandsnytt:  
Susanne  
Hegenscheidt*

### *I eiga sak:*

#### **Byglandsnytt i 2 år**

Bygdebladet i Bygland kommune, «Byglandsnytt», feirar i disse dagar 2års-jubileum! Utgåva nr. 1 kom i september 2019, utgåve nr. 24 kjem i august 2021. I alt blei det 380 sider med informasjon dei første to åra.

Etter initiativ frå rådet for eldre og funksjonshemma starta Bygland kommune eit informasjonsblad på papir hausten 2019.

Byglandsnytt skulle dekke informasjonsbehovet til dei innbyggarane som ikkje er ute på digitale kanalar. Bladet er eit supplement til kommunen sitt vanlege informasjonsarbeid på heimeside og i sosiale media (Facebook og Instagram). Det kjem ut i byrjinga av kvar månad og blir lagt ut i heile

kommunen. Bladet kjem utan reklameinnslag. Redaktør er Susanne Hegenscheidt, korrektur lesar Mari Rygg.

I Byglandsnytt er det både nyhende og informasjon om ulike aktivitetar i kommunen, opningstider, vedtak i kommunestyret og andre politiske utval, m.m. Mange flinke hobbyfotografer bidrar med bilete til kvar utgåve.

Byglandsnytt blir lagt ut på matbutikkane på Byglandsfjord, Bygland og Ose. Du finn og bygdebladet her: Legekontoret på Bygland og Byglandsfjord, folkebiblioteket på Bygland og Byglandsfjord, Byglandsheimen, den gamle butikken i Grendi og grendehuset i Åraksbø, (eigne postkassar). Er det tomt for bygdebladet ein plass, tips sentralbordet på 37 93 47 00 (mellom kl. 10.00 - 14.00) eller send e-post til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) Har du stoff til neste utgåve, kan du sende det til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no). **Takk for oss!** 😊

## Ymse

**Midt-Agder Friluftsråd informerer:**

**Digital informasjon om "Nasjonal**

**Sykkelrute nr. 3" på [midt-agderfriluft.no](http://midt-agderfriluft.no)**

Strekninga mellom Kristiansand, Hovden og Haukeli har noko å tilby for kvar smak.



På sida "Nasjonal Sykkelrute nr. 3" kan du sjå heile strekninga, eller velje å sjå nærare på ein av dei femten delstrekningane.

Tar deg gjerne tid til å stoppe opp og gjere avstikkarar frå hovudruta. Bruk dei lokale turistinformasjonane for å skaffe deg ytterlegare informasjon. God tur!

Sykkelvit-reglar

- Bruk alltid hjelm.
- Ha godkjente lys - kvitt lys framme og raudt baklys ved sykling i mørket.
- Ha med refleks og hovudlykt for bruk i mørke tunnelar.
- Overhald trafikkreglar - hold til høgre, vis omsyn, gi tydelege teikn.
- Ligg maksimalt to i breidda og slepp fram trafikken på passande stader.
- Trekk ut av vegbanen ved punktering og andre uhell.



## KVA SKJER I BYGLAND?

August 2021

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
fredag 23.07.- sundag 01.08.	Bygland luftsportklubb, Bygland museumstun		Gamaveka Extreme 2021 23. juli – 1. august
torsdag 29.07.	Sandnes kapell, Sandes	kl. 18.00	Olsok-gudteneste
torsdag 12.08.	Bygland frivilligsentral	kl. 11.00 – 16.00	Dragefestival
sundag 15.08.	Bygland kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste
sundag 22.08.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 18.00	Gudsteneste

### Seglingsplan Bjoren august 2021:

- søndag 01. august kl.11.00 Bygland
- onsdag 04. august kl.11.00 Byglandsfjord
- søndag 8. august kl.11.00 Byglandsfjord
- søndag 15. august kl.11.00 Bygland
- søndag 22. august kl.11.00 Bygland
- søndag 29. august kl.11.00 Byglandsfjord



Informasjon og booking på [bjoren.no](http://bjoren.no)

### Opningstider Bygland turistkontor / Bygland museum

Fram til 15. august dagleg kl. 11.00 – 17.00